
Saknr: 2020/46034-1
Saksbehandlar Bente Utne
Dato: 27.03.2020

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Prosjektrekneskap fylkesveggar i Hordaland – status per mars 2020

BAKGRUNN

Det vert vist til vedtak i kontrollutvalet i Hordaland 25.11.19 i sak PS 96/2019:

<https://einnsyn.hfk.no/einnsyn/DmbHandling/Details/16483?sourceDatabase=>

«Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

- 1. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.*
- 2. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune oppmodar fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune om at aktuelle prosjektrekneskapar vert lagt fram for Deloitte til revisjon så snart dei er klare.*
- 3. Kontrollutvalet oppmodar om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune syter for at dei første prosjektrekneskapane kan handsamast i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune sitt møte i mai 2020. Sakstilfanget vert å levere sekretariatet innan 20.04.2020».*

Saksutgreiinga til denne saka forklarar bakgrunnen for dette (vedlegg 1).

I Hordaland fylkeskommune (HFK) vart prosjektrekneskap under ordninga med Sams vegadministrasjon ikkje lagt fram for revisjon og politisk handsaming i kontrollutvalet og fylkesutvalet/fylkestinget, slik som til dømes prosjektrekneskap frå eigedomsavdelinga i HFK. Bakgrunnen for dette var mellom anna at fylkesvegerekneskapen under sams vegadministrasjon vart revidert av Riksrevisjonen fram til 2017.

Ut frå dette vart sak lagt fram for fylkestinget i Hordaland 13.06.2018 - PS 37/2018, med følgjande handsaming:

<https://einnsyn.hfk.no/einnsyn/DmbHandling/Details/12488?sourceDatabase=>

«Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget godkjenner at prosjekt med budsjett ved byggestart på over 50 mill. kr skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet.

2. Fylkestinget godkjenner at prosjektrekneskap med budsjett ved byggestart på over 25 mill. kr og der rekneskapen har avvik på meir enn 10% samanlikna med budsjett ved byggestart, skal leggjast fram for godkjenning i det politiske organet som har godkjent budsjettet».

OVERGANGEN TIL VESTLAND FYLKESKOMMUNE - STATUS PR MARS 2020

I saksframlegget til sak PS 96/2019 i kontrollutvalet (vedlegg 1) går det fram at:

«Sekretariatet er ikkje kjend med om Vestland fylkeskommune skal følgje dei same retningslinene på dette området som ein har i Hordaland fylkeskommune i dag. Vi vurderer at det vil vera naturleg at så skjer og legg til grunn at dei same, eller tilsvarende retningslinjer, vert innført i Vestland fylkeskommune».

Fylkesrådmannen tilrødde i saksutgreiing for PS 37/2018 at rutineane vert gjennomgått etter at Vestland fylkeskommune er etablert og deler av sams vegadministrasjon er overført til fylkeskommunen frå 2020.

Fylkesrådmannen understrekar at det vil ta noko tid å få utarbeidd nye retningslinjer - det er mykje som skal på plass i den nye organisasjonen.

Det kan hevdast at denne saka frå 2018/2019 bør fullførast. Fylkesrådmannen vil peika på ein del forhold i den samanheng:

- 1) Ut frå gjeldande regelverk er det uklart om enkeltprosjekt i bompengepakkar skal leggjast fram for eigen revisjon på denne måten, i tillegg til vanleg oppfølging i dei ulike styringsorgana for bompengepakkane.
- 2) Den framdriftsplanen som tidleg i 2019 vart antyda frå Statens vegvesen til samferdselsavdelinga og vidare til kontrollutvalet, om ferdigstilling og framlegging for revisjon og kontrollutvalet, viste seg å vera altfor optimistisk. Desse 11 prosjekta er i hovudsak ikkje avslutta enno, grunna attståande arbeid og omstridde fakturaer/tvistemål. Åtte av desse prosjekta er enkeltprosjekt i bompengepakkar.
- 3) Sjølv om desse prosjekta hadde vorte ferdige i 2019, er det tvilsamt at Statens vegvesen (SVV) ved sams vegadministrasjon, hadde hatt kapasitet til å leggja desse fram for revisjon og kontrollutval, svare på spørsmål mv. Det siste året har vore svært travelt for ein del nøkkelpersonell. I SVV har det vore stor usikkerheit med omsyn til framtidig stilling og arbeidsoppgåver, tilsette er over i nye eksterne stillingar, i nye interne stillingar, mange har etterkvart fått tilbod om ny stilling i Vestland fylkeskommune og fleire enn vanleg har gått av med pensjon.

I denne situasjonen skulle attverande personale i SVV drifra prosjekta som vanleg, og ivareta avvikling av sams vegadministrasjon, og (for ein del) vera med å planleggja oppbygginga av Vestland fylkeskommune si nye avdeling Infrastruktur og veg (INV). Diverre var det umogeleg å prioritera alle oppgåver i denne perioden.

- 4) Per mars 2020 har Vestland fylkeskommune **ikkje tilgjengeleg informasjon** til å laga prosjektrekneskap. Sams vegadministrasjon vart oppløyst 31.12.2019. Fylkesrådmannen reknar med at fylkeskommunen etter kvart vil få oversendt ein del rekneskapsmateriale, men ein veit ikkje når og i kva form.

Om ein treng bilag frå 2019 eller tidlegare må ein gå til Statens vegvesen. Om ekstern revisor Deloitte eller kontrollutvalet har spørsmål til prosjekta, kan det bli til dels svært vanskeleg og arbeidskrevjande å få svar.

- 5) Avdeling for Infrastruktur og veg er framleis under oppbygging. Det er svært mange avklaringar som må gjerast, rutinar som må etablerast og formaliserast. Det vert gjort mange prioriteringar om kva utviklingsoppgåver som hastar mest å få på plass.

FYLKESRÅDMANNEN SINE VURDERINGAR

Fylkesrådmannen meiner at ut frå kapasitet i den fasen som Statens vegvesen no er inne i med store omorganiseringar, bør det vera ein relativt høg terskel for å be om omfattande opplysingar. Etter fylkesrådmannen sitt syn bør spørsmål om prosjekt i tida med sams vegadministrasjon avgrensast til eit minimum, t.d. rettssaker og tilsvarande.

Fylkesrådmannen meiner vidare at avdeling for infrastruktur og veg no bør prioritera å etablera og formalisera gode rutinar, i tillegg til dagleg drift.

Ut frå momenta over vil fylkesrådmannen rå til at prosjektrekneskap for fylkesvegar som var igangsett før 2019 ikkje vert lagt fram for revisjon i Deloitte, deretter for kontrollutvalet og vidare politisk handsaming.